

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Frode Elias Synnes	Arkiv:	K1-446
Arkivsaksnr:	25/140 25/6977		

Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	08.04.2025	042/25
Kommunestyret	24.04.2025	048/25

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) slik den ligg ved.

08.04.2025 Formannskapet

Kommunedirektør orienterte.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

- F042/25 **Vedtak:**

Sula kommunestyre vedtek heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) slik den ligg ved.

24.04.2025 Kommunestyret

Kommunedirektør orienterte.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

- K048/25 **Vedtak:**

Sula kommunestyre vedtek heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) slik den ligg ved.

Bakgrunn for saka:

I [Sivilbeskyttelseslova § 14](#) heiter det:

«Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.»

Saksopplysninger:

ROS-rapporten viser at 'Sula kommune er ein trygg kommune for innbyggjarar og besøkande å opphalde seg i. Kommunen kan likevel vere sårbar når det skjer større hendingar. Kommunen har kartlagt tiltak vi har i dag som kan bidra til å redusere sannsynet for, og konsekvensane av, hendingar som oppstår. Det er også peika på moglege nye tiltak som kan settast i verk for å ytterlegare redusere sannsyn og konsekvens for større hendingar. ROS-analysen peikar på fleire aktuelle tiltak som kan setjast i verk for å redusere risiko (sannsyn og konsekvensar) ved alvorlege hendingar. Men sjølv med gode tiltak i verktøykassa, kan hendingar påverke kommunen si styringsevne, og spesielt om ei hending blir langvarig. Spesielt ved hendingar som går over tid, vil det likevel kunne verte utfordrande å oppretthalde kommunen si styringsevne. Dette gjeld i størst grad ved hendingar der kommunen ikkje kan påverke det som kjem, til dømes ekstremvêr, alvorlege sjukdomar / pandemi, tilsikta livstrugande hendingar og liknande.

Endring i klima vil gi auka nedbørsmengd og dermed auka fare for ras og flaum. Når ekstremvêr inntreff, vil det kunne skape store utfordringar ved at det med stort sannsyn vil skape alvorlege følgjehendingar. Viktig infrastruktur vil bli satt ut av funksjon: vegar og bruer kan bli stengt, telefon- / mobilsamband og Internett kan bryte saman. Straumbrot kan vare i fleire dagar og kan gi store konsekvensar for både kommunen, bedrifter og den einskilde innbyggjar. Følgjehendingane vil sette naud- og redningstenesta på store prøver. Klimaendringar kan også føre til auka tørke og mangel på vatn. Skulle det oppstå ein alvorleg storbrann, vil dette ofte medføre store konsekvensar. Langvarig bortfall av straum vil få konsekvensar for både vassforsyning, velferdsteknologiske tenester, tilgang til kommunen sine fagsystem, el-bilar og alle typar maskinar som er avhengig av elektrisitet. Fleire av hendingane kan føre til behov for evakuering, og i mange tilfelle også behov for varsling til innbyggjarane. Oppdaterte evakueringsplanar for institusjonar og sjukeheimar, og jamlege øvingar på desse, er viktig for å best mogleg ta i vare sårbare grupper. Kommunen må på alle område ta omsyn til liv og helse.

Ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse er eit verktøy for risikostyring. Hensikta er å kartleggje risiko og sårbarheiter, samt moglegheiter for å redusere risiko.

[Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, 2. og 3. ledd](#), beskriv kva analysa skal omfatte:

"Den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen skal forankres i kommunestyret.

Analysen skal som et minimum omfatte:

- a. eksisterende og fremtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer i kommunen.*
- b. risiko og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen.*
- c. hvordan ulike risiko- og sårbarhetsfaktorer kan påvirke hverandre.*
- d. særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur.*
- e. kommunens evne til å opprettholde sin virksomhet når den utsettes for en uønsket hendelse og evnen til å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet.*
- f. behovet for befolkningsvarsling og evakuering."*

Arbeidsgruppa for ny heilskapeleg ROS-analyse har valt å leggje DSB sin metoderettleiar, inkludert vedlegg, til grunn for arbeidet. Kommunedirektør si leiargruppe har vore styringsgruppe.

Metoderettleiaren seier at «eksterne aktører skal inviteres inn i arbeid med helhetlig ROS.» I gjennomføringa av ROS-analysene har vi hatt stor breidde med involvering av interne partar, bl.a. kommunedirektør si leiargruppe, oppvekst (barnehage, skule, rådgivarar), helse og meistring (einingsleiarar, heimetenesta, NAV, psykisk helse, rådgivar), samfunn (eigedom, renovasjon, veg, vatn og avløp) og organisasjon og utvikling (arkiv, IKT, innbyggartorg, politisk sekretariat). Vi har også hatt dialog med eksterne som Ålesund brannvesen og Mørenett. Viser også til kjeldelista s. 17 i analysa.

Sula kommune si vedlagte heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalyse (hROS-analyse) er utarbeidd med basis i heilskapleg ROS-analyse frå 2017 og med inspirasjon frå ROS-analysen til nye Ålesund Brannvesen (rev. i 2025). Analysen hentar nye tema frå Forventningsbrevet 2025 frå Statsforvaltaren, og hendingar i verda dei siste åra. Den førre analysen innehaldt 6 hendingar. Den nye inneheld 12: "Pandemi", "Tryggingspolitisk krise", "Atomulykke", "Digital infrastruktur", "Langvarig brustenging", "Miljøutslepp", "Tap av kommunal bygning", "Terrorhandling", "Forureining", "Langvarig svikt i el-forsyning", "Storulykke" og "Naturhending". Den overordna beredskapsplanen heng naturleg saman med heilskapeleg ROS-analyse, og følgjer derfor som vedlegg.

Analyseskjema som er utfylt under arbeidet, er samla i eitt vedlegg. Dette blir halde konfidensielt for å ikkje offentleggjere sårbare angrepspunkt og handlingsplanar ved eventuelle målretta angrep, jf Offentleglova § 24 - 3 (1).

Vurdering:

Det er gjennomført ein rimeleg god prosess i arbeidet med heilskapeleg ROS. Kommunedirektøren meiner ein i arbeidet har klart å fange opp risikoar og sårbarheiter i sulasamfunnet og fått etablert tiltak for å minske risikoen. Heilskapeleg ROS-analyse vil vere eit godt verktøy for beredskaps- og planarbeidet i kommunen. Det vil bli utarbeida ein tiltaksplan ut i frå funna vi har gjort. Konkrete tiltak må bli innarbeidd i budsjett- og økonomiplan. Dette er grunnlaget for ønsket om å få planen vedtatt i kommunestyret i april. Junimøtet brukar å ha mange saker på saklista.

Kommunen har eit avvik frå Statsforvaltaren pga manglande heilskapeleg ROS. For å lukke avviket har vi rapportert om at behandling bør skje våren 2025. Situasjonen er også at vi er halvvegs i kommunestyreperioden, ny periode krev ny behandling av heilskapeleg ROS, jf kommunen sitt vedtatte heilskapelege styringssystem. Dette er årsakene til at vi ikkje har hatt planen ute på offentleg høyring hjå eksterne partar som AMK, frivillige organisasjonar, Helse Møre og Romsdal, næringsliv, Politi, Sivilforsvaret og liknande. Sist Sula kommune utarbeidde heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse innan beredskap var i 2017. Denne var ikkje ute på offentleg høyring, den vart heller ikkje politisk behandla.

Om politisk nivå ønskjer ei runde med offentleg høyring, veit vi sjølvstundt ikkje kor mange innspel vi får og kor mykje planen evt bør bli justert. I verste fall vil ein måtte rekne med at planen ikkje blir ferdigbehandla før ut på hausten, etter administrasjonen sitt arbeid med budsjett- og økonomiplan er ferdigstilt.

Tittel	Dok.ID
Heilskapeleg ROS- analyse - prosadel	767157
Overordna beredskapsplan for Sula kommune - sist revidert februar 2025	767158
Heilskapeleg ROS - analyseskjema - 2025	767160